



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 27.04.2023
Møtestad: Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 17:15 - 19:10

Sissel Mary Frotjold frå Alver barnevernsteneste deltok i møtet på Teams. Ho orienterte om Alver barnevernteneste,

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Anna Marit Storemark	Ap
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp
Otto-Andre Nordby	H
Paul Magnar Knapskog	H
Silje Sulen Gullaksen	H

Møtedeltakarar vara	Parti
Arild Magne Karlsen	Ap
Elin Iren Øien Solbakk	Frp
Erling Herøy	H
Jan Erling Borge	Ap
Ove Gunnar Nilsen	H
Stig Øien	Frp

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Bjørn Solbakk	Frp
Einar Villanger	Ap
Frode Hjønnvåg	Frp
Paul Gunnar Gullaksen	H
Paul Erling Rognsvåg	H
Thea Koppen Blomvågn	Ap

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Berit Karin Rystad, Kristin Handeland, Pål-Eirik Holgersen

Sakliste

Saknr	Tittel
015/23	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
016/23	Godkjenning av møtebok
017/23	Referatsaker
018/23	Tilstandsrapport Alver barnevernsteneste
019/23	Planprosess for oppvekstplan i Fedje kommune
020/23	Søknad om skjenkeløyve Fedje Island AS, Pernille
021/23	Søknad om skjenkeløyve Fedje Island AS, Landsbykafeen
022/23	2. gongs høyring og offentlig ettersyn - «Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland"
023/23	Eventuelt

015/23: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Kommunestyret 27.04.2023

Behandling:

K - sak 015/23 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedtek.

016/23: Godkjenning av møtebok

Kommunestyret 27.04.2023

Behandling:

K - sak 016/23 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

017/23: Referatsaker

Kommunestyret 27.04.2023

Behandling:

K - sak 017/23 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

018/23: Tilstandsrapport Alver barnevernsteneste

Kommunestyret 27.04.2023

Behandling:

K - sak 018/23 Vedtak:

Kommunestyret tek tilstandsrapporten til vitande.

019/23: Planprosess for oppvekstplan i Fedje kommune

Formannskapet 18.04.2023

Behandling:

Viser til planstrategi i Fedje kommune 2020-2024, sak 20/193. Etter plan og bygningslova § 10-1 er det eit krav at kommunane i kvar valperiode utformar ein planstrategi. Måla med planstrategien er å avklara kva planoppgåver kommunen skal prioritera i valperioden. Oppvekstplanen står primært ikkje som prioritert plan i planstrategien for kommunen, men grunna oppvekstreforma som tredde i kraft januar 2022, er det vurdert som naudsynt å endre strategi og prioritere denne planen no.

Oppvekstreforma gjer kommunen meir ansvar på barnevernsområdet. Reforma regulerer først og fremst barnevernet, men målet er å styrka det førebyggjande arbeidet og sikre tidleg innsats i heile oppvekstsektoren. Kommunen må derfor gjere endingar i heile oppvekstsektoren.

Statsforvaltaren i Vestland i samarbeid KORUS, RVTS, NAPHA og KS inviterte kommunane som ønskja å satsa på å skape samanheng i sitt planverk på førebyggingsfeltet til å delta i ein planprosess våren 2023. Dei vil ha særleg merksemd på førebyggjande arbeid retta mot barn, unge og foreldre. Implementering av nye tiltak, metodar og kompetanse er krevjande og langsiktig arbeid som krev gode planar, gode strukturar og ei leiing som evnar å halde oppe merksemda og innsatsen over tid. I samband med samlingane med statsforvaltaren er det oppretta ei arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa vert rettleia i ulike planprosessar, med hovudvekt på oppvekstplan.

Denne planen ligg ikkje som prioritert plan i vedteke planstrategi, men ut i frå moglegheita for å få fagleg bistand frå statsforvaltar med fleire, er det vurdert av betydning for kommunen og nytte seg av den faglege støtta. Arbeidsgruppa har gjennomført to av fire samlingar med statsforvaltaren i Vestland.

Kommunedirektøren vurderer til det beste å utarbeide oppvekstplanen som ein temaplan. Ein temaplan følgjer ikkje same reglar for prosessen som ein kommunedelplan, jf. plan og bygningslova.

Det er vurdert som naudsynt å utarbeide ein plan som har fokus på prosess og ikkje er for arbeidskrevjande, sidan kommunen har lite ressursar, spesielt på planarbeid. Fokus skal være på å lage ein plan som fremjar samarbeid på tvers, og er førebyggjande inn mot barn, unge og føresette.

Kommunestyret skal vedta ein heilskapleg plan for kommunen sitt arbeid med å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Formålet er å bidra til ei overordna forankring av det førebyggjande arbeidet i kommunen, i tillegg er det tenkt som eit viktig verktøy for å sikre systematisk innsats for å leggje til rette for heilskaplege tenester.

Konklusjon

Det er naudsynt med politisk forankring i planprosessen. Kommunedirektøren foreslår følgjande organisering:

Styringsgruppe –	Formannskapet
Arbeidsgruppe –	Barnehagefagleg, skulefagleg, helsesjukepleiar, rus- og psykisk helse, kommunalsjef helse og omsorg
Referansegruppe –	HTV og verneombod, ungdomsråd, skule LOS, biblioteksjef.

I planprosessen vil arbeidsgruppa invitere til høyringar på heimesida, frivillige lag- og organisasjonar, til dømes FAU, FIL.

Planen blir utforma som ein temaplan for oppvekst.

F - sak 020/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtar forslag til planprosess og organisering slik det er skildra i konklusjonen.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 27.04.2023

Endringsforslag, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet
Referansegruppe – HTV og verneombod, ungdomsråd, skule LOS, bibliotekssjef og FAU.

I planprosessen vil arbeidsgruppa invitere til høyringar på heimesida, frivillige lag –og organisasjonar,

til dømes Fedje Idrettslag.

Behandling:

K - sak 019/23 Vedtak:

Referansegruppe – HTV og verneombod, ungdomsråd, skule LOS, bibliotekssjef og FAU.

I planprosessen vil arbeidsgruppa invitere til høyringar på heimesida, frivillige lag –og organisasjonar, til dømes Fedje Idrettslag.

Samrøyste vedteke.

020/23: Søknad om skjenkeløyve Fedje Island AS, Pernille

Formannskapet 18.04.2023

Behandling:

Paul Erling Rognsvåg har levert inn kursbevis på bestått prøve i alkohollova - skjenkeløyve.

F - sak 022/23 Vedtak:

Fedje Island AS ved dagleg leiar Otto Andre Nordby får skjenkeløyve i lokala i Muren 4, Pernille.

Løyvet har følgjande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl.02.00

Søndag og helgedagar kl. 12.00 – kl. 02.00.

Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.

Skjenkeløyvet er tråd med innlevert planteining, inne i lokala til Pernille i Muren 4 – og på avgrensa og oppmerka område ute.

Løyvet gjeld frå 27.04.2023 til og med 30.09.2024.

Styrar for løyvet er Paul Rognsvåg.

Avløyssar for løyvet er Helge Stokholm.

Kommunestyret - 036/20

Alkoholpolitisk plan sist revidert i K-sak 032/20 har fyljande krav til faste løyve: "Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny. Bedrifter som driv med produksjon av alkohol og søker skjenkeløyve er friteke for kravet om meny eller à la carte meny. Det er ikkje krav til fast meny eller à la carte meny når ein nyttar ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve. "

Kommunestyret 27.04.2023

Behandling:

Otto Andre Nordby er daglig leiar i Fedje Island AS, og er ugild i behandlinga av saka. Otto Andre Nordby deltok ikkje i behandlinga av saka.

K - sak 020/23 Vedtak:

Fedje Island AS ved dagleg leiar Otto Andre Nordby får skjenkeløyve i lokala i Muren 4, Pernille.

Løyvet har følgjande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl.02.00

Søndag og helgedagar kl. 12.00 – kl. 02.00.

Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.

Skjenkeløyvet er tråd med innlevert planteining, inne i lokala til Pernille i Muren 4 – og på avgrensa og oppmerka område ute.

Løyvet gjeld frå 27.04.2023 til og med 30.09.2024.

Styrar for løyvet er Paul Rognsvåg.

Avløyсар for løyvet er Helge Stokholm.

Kommunestyret - 036/20

Alkoholpolitisk plan sist revidert i K-sak 032/20 har fylgjande krav til faste løyve: "Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny. Bedrifter som driv med produksjon av alkohol og søker skjenkeløyve er friteke for kravet om meny eller à la carte meny. Det er ikkje krav til fast meny eller à la carte meny når ein nyttar ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve. "

Samrøystes vedteke.

021/23: Søknad om skjenkeløyve Fedje Island AS, Landsbykafeen

Formannskapet 18.04.2023

Behandling:

F - sak 021/23 Vedtak:

Fedje Island AS ved dagleg leiar Otto Andre Nordby får skjenkeløyve i lokala i Stormarkvegen 4,

Landsbykafeen. Løyvet har følgjande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl.02.00

Søndag og helgedagar kl. 12.00 – kl. 02.00.

Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.

Skjenkeløyvet er tråd med innlevert planteikning, inne i lokala i Stormarkvegen 4 Landsbykafeen – og på avgrensa og oppmerka område ute.

Løyvet gjeld frå 27.04.2023 til og med 30.09.2024.

Styrar for løyvet er Otto Andre Nordby.

Avløyсар for løyvet er Andrea Waage.

Kommunestyret - 036/20

Alkoholpolitisk plan sist revidert i K-sak 032/20 har fyljande krav til faste løyve: "Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny. Bedrifter som driv med produksjon av alkohol og søker skjenkeløyve er fritteke for kravet om meny eller à la carte meny. Det er ikkje krav til fast meny eller à la carte meny når ein nyttar ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve. "
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 27.04.2023

Behandling:

Otto Andre Nordby er daglig leiar i Fedje Island AS, og er ugild i behandlinga av saka. Otto Andre Nordby deltok ikkje i behandlinga av saka.

K - sak 021/23 Vedtak:

Fedje Island AS ved dagleg leiar Otto Andre Nordby får skjenkeløyve i lokala i Stormarkvegen 4, Landsbykafeen. Løyvet har følgjande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl.02.00

Søndag og helgedagar kl. 12.00 – kl. 02.00.

Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.

Skjenkeløyvet er tråd med innlevert planteikning, inne i lokala i Stormarkvegen 4 Landsbykafeen – og på avgrensa og oppmerka område ute.

Løyvet gjeld frå 27.04.2023 til og med 30.09.2024.

Styrar for løyvet er Otto Andre Nordby.

Avløysar for løyvet er Andrea Waage.

Kommunestyret - 036/20

Alkoholpolitisk plan sist revidert i K-sak 032/20 har fyljande krav til faste løyve: "Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny. Bedrifter som driv med produksjon av alkohol og søker skjenkeløyve er fritteke for kravet om meny eller à la carte meny. Det er ikkje krav til fast meny eller à la carte meny når ein nyttar ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve. "
Samrøystes vedteke.

022/23: 2. gongs høyring og offentlig ettersyn - «Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland"

Kommunestyret 27.04.2023

Behandling:

Nytt forslag til vedtak frå Kommunedirektøren :

Kommunestyret ber om at lokalitet for akvakultur på austsida av Fedje (Hjeltevarden) som er flytta noko mot sør for å komme kystverket i møte, blir realisert gjennom planprosessen.

Fedje kommune ynskjer å bruke dialogen med kystverket for å finne ei løysing for arealet som begge parter kan være nøgd med. Kommunestyret er ikkje samd med motsegn frå statsforvaltar, og vurderer det slik at lokaliteten tvert imot er godt eigna for akvakultur for å ta i vare naturmangfald. Plan- og bygningslova skal kunne gi fleksibilitet for at ulike interesser gjennom dialog kan finne løysingar som teke i vare alle partar.

I samband med dette opplever Fedje kommune at andre styresmakter ikkje støtter opp om vekst og

utvikling i lokalt næringsliv, og har berre fokus på eige ansvarsområde.
Fedje kommune saknar dialog med statsforvaltar og kystverket i planprosessen.

K - sak 022/23 Vedtak:

Kommunestyret ber om at lokalitet for akvakultur på austsida av Fedje (Hjeltevarden) som er flytta noko mot sør for å komme kystverket i møte, blir realisert gjennom planprosessen.

Fedje kommune ynskjer å bruke dialogen med kystverket for å finne ei løysing for arealet som begge parter kan være nøgd med. Kommunestyret er ikkje samd med motsegn frå statsforvaltar, og vurderer det slik at lokaliteten tvert imot er godt eigna for akvakultur for å ta i vare naturmangfald. Plan- og bygningslova skal kunne gi fleksibilitet for at ulike interesser gjennom dialog kan finne løysingar som teke i vare alle partar.

I samband med dette opplever Fedje kommune at andre styresmakter ikkje støtter opp om vekst og utvikling i lokalt næringsliv, og har berre fokus på eige ansvarsområde.

Fedje kommune saknar dialog med statsforvaltar og kystverket i planprosessen.
Samrøystes vedteke.

023/23: Eventuelt

Kommunestyret 27.04.2023

Behandling:

Desse dokumenta vart levert ut i møtet:

Kampanjerapport frå Bønes Virik AS, Tilbod frå Bønes Virik AS, Budsjett frå Bønes Virik AS, Budsjett rekruttering, Oversikt frå ingeniør Aarland, Samarbeidsavtale med Austrheim kommune, helsesjukepleiar.

Innsendte spørsmål frå Gidske Borge Kolltveit (Ap)

1. Hvordan ser totalrammen på ombyggingen av Helsestasjonen/Familiens hus og det nye kommunehuset ut?

Svar frå ordførar:

Sjå vedlegg, Det er satt av 628 000,- til prosjektet i 2023. Prosjektet vil koste: 1,3 millioner utan ventilasjonsanlegg.

Det nye kommunehuset ligg ute på anbod med frist i slutten av mai. Kommunestyret vil få saka på dette i junimøtet.

Sjå vedlegg

Det er satt av 628 000,- til prosjektet i 2023. Prosjektet vil koste: 1,3 millioner utan ventilasjonsanlegg.

Tillegg (som er sterkt anbefalt av prosjekteringskonsulent)

Ventilasjonsanlegg – overslag: 312 000,- inkl mva

Innbygging av ventilasjonsanlegg pga at det ikkje er plass inne i bygget: 70 000,-

Framdrift: ferdig 16.06.23

Årsak til at ombygginga blir dobbelt så dyr:

Bygget var generelt i mykje dårlegare stand enn kva konsulenten hadde sett for seg. Årsaka er fyrst og fremst at ein ikkje ser skadane før ein begynner å rive (mellom anna råte).

Det kom ikkje fram at IKT anlegget var alt for dårleg, bortsett frå klager frå brukarane om dårleg nett etc. Nytt IKT anlegg kostar 65 900,- (ein utgift me ikkje hadde rekna med)

Opphavelogoverslag hadde lagt til grunn å skifte golv der det var synleg at det var øydelagt. Det viste seg at alle golv mått skiftast.

All belysning (lysrør) måtte skiftast ut pga EU vedtak om forbod om å lage desse i august 2023.

Kommunen har lenge leita etter løysing for NAV kontor etter at dei nye krava om tryggleik kom. Pr i dag kjem ikkje NAV ut til Fedje, innbyggjarar må reise til Hosteland.

NAV Fensfjorden godkjente eit ombygd kontor i Helsestasjonen med diverse krav som ga forutsette kostnader (Rømningsdør med rampe, Låsesikker dør med vindaug, lydtette vegg og spesial innreiing)

Alle vindauga viste seg å være rotne pga feil konstruksjon slik at vatnet renn inn og må skiftast. I tillegg gjekk dei ikkje an å opne for lufting. Reglar for lysinnslepp gjer og at dei nye vindauga må være større enn dei opphavlege for å stette krava til kontor

Det er montert varmpumpe hos fysioterapeuten for å regulere treningsrom (for varmt/for kaldt) Inneklimaet er dårleg og opphavelog løysing for ventilasjon viste seg å fungere dårleg. Ny løysing vil koste 382 000,-. Det er etter kommunedirektøren sitt syn ein nødvendig løysing for å stette HMT krava til dei tilsette.

Dei fysiske forholda på helsestasjonen har lenge vært alt for dårleg i fht at born er nakne for undersøking, vaksiner og lignande. Dette går ut over tenestene me gir innbyggjarane og arbeidsforholda til dei tilsette.

Tillegg (som er sterkt anbefalt av prosjekteringskonsulent)

Ventilasjonsanlegg – overslag: 312 000,- inkl mva

Innbygging av ventilasjonsanlegg pga at det ikkje er plass inne i bygget: 70 000,-

2. Blir kommunehuset tomt når denne ombyggingen er ferdig.

Svar frå ordførar:

Ja

3. Vi ønsker å se avtalen som Fedje kommune har med rekrutteringsselskapet

Bønes Virik AS

Avtalen vart utdelt i møtet, kommunestyret ville ikkje ha detalja i avtalen. Det er den totale summen kommunestyret ynskjer.

Kommunedirektøren opplyste at den totale summen Fedje kommune skal betala for rekruttering via Bønes Virik AS. Innkludert kampanje er 480 000,- kr. Totalt.

Avtaler er vedlagt (rekruttering av to kommunalsjefar – dei 11 andre stillingane er inkludert) og marknadsføringspakke (utgift til www.sykepleien.no er inkludert – kr. 20 000,-). Fedje kommunen eig denne pakka til seinare bruk/anna bruk til ein kostnad på 6000,-

Innsendte spørsmålfrå Kamilla BK Karlsen (Ap)

1. I formannskapet den 18.04.23 var det fleire uheldige uttalingar i orienteringa.

Svar frå ordførar:

Kommunedirektøren har fulgt opp dei uheldige uttalene og beklaga.

2. Har kommunen gjort noko i høve plassering og kartlegging av behova av det nye helsetunet?

Svar frå ordførar:

Det er ikkje gjort noko grunna manglande ressurs/kapasitet på teknisk

3. Er Fedje kommune i dialog med Trygg trafikk i høve trafikksikringstiltak i kommunen? Har kommunen ein trafikksikkerheitsplan? I tillegg til dei områda kommunen allereie ønskjer å gjere tryggare, kan kommunen gå i dialog med fylkeskommunen om korleis me kan skape meir tryggleik i området rundt badestranda?

Svar frå ordførar:

Kommunen har pr no ikkje stilling som kommunalsjef for samfunnsutvikling (har mangla sidan 9 september 2022). Kommunedirektøren har teke fatt i dei prosjekta som hadde kome lengst i utgreiingane (utviding av gravplassen, Utgreiing av moglegheita for ombygging av Hjertebanken/Familiens hus, ferdigstilling av turløypa og kloakkleidning på Kopper og ungdomsklubben). Arbeidsbelastninga er stor utan denne ressursen som kommunalsjef og andre investeringsprosjekt/planlegging og utvikling krev at me har folk til å arbeidet med dette. Det er difor nødvendig å få denne ressursen på plass. Fedje kommune er mellom anna oppfordra av Trygg Trafikk å bli med i «Trafikksikker kommune». Dette vil me framme politisk når me har fått kapasitet til det. Trafikksikring er eit sær s viktig tema å ta fatt i framover.

Fedje kommune har ikkje trafikktryggleiksplan

Innsendte spørsmål frå Silje S Gullaksen (H)

1. Kva er differansen mellom det me betaler for vår noverande avtale med austrheim (helsesjukepleiar i 40%), mot det me må betale for ein fast tilsett helsesjukepleiar i 100%.

Svar frå ordførar:

1. Fedje kommune betaler Austrheim kommune 498 475,- kr for ressurs helsesjukepleiar (60%). Avtalen går ut 31.12.2023, om Austrheim har kapasitet til sal av tenester må ny avtale då utarbeidast i 40% for 2024 på grunn av at prosjektmidlar til 20% av stillinga er avslutta 31.12.23). (Kostand for ny avtale er uavklart, men føl me 60% avtalen vert kostnaden ca kr. 350 677 for 40%). I tillegg til kostanden over, betaler Fedje kommune 5% i administrasjonskostnad og utgifter til IKT- utstyr. Kurs/kompetanseheving som vert vurderer som naudsynt skal også dekkjast av Fedje kommune, i tillegg har Fedje kommune HMT ansvaret dei dagane helsesjukepleiaren er på Fedje.

2. Kor mykje veit ein at budsjettet på helsestasjonen har sprukke med til no. Då ønsker eg tall på det me foreløpig veit kring ventilasjon, ikt og dei forutsette kostnadane som kjem, sidan bygget ikkje var i den tilstanden ein venta.

Svar frå ordførar:

Viser til tidlegare svar og vedlegg til Aarland

Innsendt spørsmål frå Arild Karlsen (Ap)

I fylje møteprotokollen frå formannskapsmøtet, informerte kommunedirektøren formannskapet 18.04.23 i sak 017/23 om at kommunen skal tilsetja helsesjukepleiar i 100% stilling for den samme summen som Fedje kommune betalar til Austrheim kommune i dag for ein 40 % stilling som helsesjukepleiar. Betyr det at Fedje kommune betalar det samme som det kostar for ein 100% stilling

som helsesjukepleiar, for ein 40 % stilling til Austrheim kommune. Me ber om å få avtalen om tenestekjøp av helsesjukepleiar vert framlagt for kommunestyret. Kommunestyret må verta kjent med kva sum me betalar til Austrheim kommune for tenestekjøp av helsesjukepleiar i dag, og kva er oppseiingstida for avtalen med Austrheim kommune for tenestekjøp.

Fedje arbeiderparti er kjent med at innhalde i tenesta som vert levert frå helsesjukepleiar har endra seg med åra, me er ikkje negtiv til å tilsettja helsesjukepleiar i 100 % stilling, men me må ha økonomi til det. Er det budsjettert med dette for 2023, om det er det kvifor er ikkje dette kommen opp som ein del av budsjettet, og heller ikkje med som ein del av alle stillingane som var lyst ut via Bønes Virik AS i starten av april?

Svar frå ordførar:

Per no har Fedje kommune avtale med Austrheim kommune om kjøp av 60% ressurs, grunna styrking av skulehelsetenesta.

Fedje kommune betaler Austrheim kommune 498 475,- kr for ressurs helsesjukepleiar (60%). Avtalen går ut 31.12.2023, om Austrheim har kapasitet til sal av tenester må ny avtale då utarbeidast i 40% for 2024. (Kostand for ny avtale er uavklart, men følg me 60% avtalen vert kostnaden ca kr. 350 677 for 40%).

I tillegg til kostanden over, betaler Fedje kommune 5% i administrasjonskostnad og utgifter til IKT-utstyr.

Kurs/kompetanseheving som vert vurderer som naudsynt skal også dekkjast av Fedje kommune, i tillegg har Fedje kommune HMT ansvaret dei dagane helsesjukepleiaren er på Fedje.

Ved tilsetjing i 100% stilling visar me til hovudtariffavtalen (stillingar med krav om 4-årig U/H-utdanning. Grunnlønn kr 500 100, og eksempelvis 6 års ansiennitet gir ei grunnlønn på kr 510 400. I tillegg kjem utgift for til arbeidsgjevaravgift og pensjon - 32%.

Gjensidig oppseiingsfrist er 3 månadar for partane. Avtalen vil ikkje bli sagt opp viss me ikkje klarar å få rekruttert. Dette er avklart med Austrheim kommune.

Utgifter til rekruttering er ikkje lagt inn i budsjett 2023, av di budsjettet for 2023 vert utarbeidd vinter 2022 og dette var ei vurdering som vart gjort vår 2023. I samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland si opplæring om førebyggjande plan, har Fedje kommune for lite ressursar til å kunne stette krava som ligg frå Nasjonalt hold i oppvekstreforma, med eit tenestekjøp på 40% frå 2024.

Stillinga er ikkje lyst ut saman med dei andre 11 stillingane (Bønes Virek) av den grunn at me ikkje var kome så langt i prosessen at me var klar for å lyse ut.

Ytterlegare informasjon:

Det har alltid vært ein 100%stilling fordelt mellom helsesjukepleiar og psykisk helse, men grunna utfordring med rekruttering då føre helsesjukepleiar gjekk av med pensjon, vart det inngått avtale med Austrheim kommune i 2017. Det vart også på dette tidspunktet formidla at 40% ressurs var for lite for arbeid med førebygging, og at tida ville gå til dei lovpålagde oppgåvene, til dømes kontrollar og vaksining. Dette er også erfaringa me har gjort.

Kommunen har investert i kontor på skulen for å gjere helsesjukepleiaren meir tilgjengeleg for born og unge. Dette vil vanskeleg la seg gjennomføre med ein 40% ressurs.

For å få tiltak mot barn og unge i eit førebyggjande arbeid må me styrke denne ressursen, jf. oppvekstreforma og oppvekstplan.

K - sak 023/23 Vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak under eventuelt.
